



Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane avdeling

---

## Årsmelding for 2013

### Årsmøte 2013

Tid: Laurdag 7. april 2013

Sted: Borgstova, Vik i Sogn

Det møtte 24 medlemmer, av desse var 11 valde delegatar med røysterett på avdelingsårsmøtet. Dei representerte 12 røyster: 8 frå Indre Sogn lokallag (derav 1 fullmakt) og 4 frå Ytre Sogn og Sunnfjord lokallag.

Årsmeldinga for 2012 vart lest opp og godkjent med tillegg av at Riksantikvaren hadde gjennomført eit besøk ved Hopperstad stavkyrkje og Hove steinkyrkje.

Rekneskapen vart godkjent, med eit overskot på kr 4.897.

Arbeidsprogram og budsjett for 2013 vart lagt fram for årsmøtet til orientering.

I framkant av årsmøtet var det to synfaringar. Fyrst reiste me ut til Talkummølla i Framfjorden, der Gunnar Lee viste oss omkring i anlegget. Deretter fekk me omvisning av Ingebjørg Skjerven i Smia, som hadde vorte flytt frå sentrum grunna det nye kontorbygget til Sognekraft.

### Styret sin samansetnad etter årsmøtet:

Leiar: Ove Losnegård

Styremedlemmer:

Torkjell Djupedal

Trude K Knagenhjelm

Stig A Nordrumshaugen

Ottar Wiik

Varamedlemmer:

Asbjørn Tyssen

Anne Marie Flateby

Edvard Faleide

### Om styret si verksemd:

Tal styremøte i løpet av arbeidsåret: 5 (derav 3 gjennomført via Skype), som behandla 41 saker, deriblant desse:

a.) Gjennom heile året har styret arbeidd med det treårige samarbeidsprosjektet *Stavkyrkjekontoret*. Saman med hovudstyret i Fortidsminneforeningen nasjonalt gjekk avdelinga saman om å etablere stavkyrkjekontoret som eit treårig prosjekt. Bakgrunnen for dette var å sikre ein felles bruk og nytte av kompetansen på marknadsføring og besøksdrift som FMF har opparbeidd seg over mange år gjennom stavkyrkjene i Sogn, samt i tillegg å ha ein beredskap i

tilfelle andre eigedomsdrivande avdelingar må seie ifrå seg ansvar for eiga besøksdrift i tidsavgrensa perioder.

Det vart inngått avtale med Buskerud avdeling om å overta besøksdrifta i dei tre stavkyrkjene Nore, Uvdal og Torpo, og avdelinga har gjennomført 2013-sesongen ved alle tre kyrkjene (oversikt over besøkstal m.m ligg seinare her i årsmeldinga). I samarbeid med Nore og Uvdal kommune vart det føreteke ein reduksjon i dagleg opningstid i Uvdal, og ein reduksjon i sesong i Nore, samt ei omlegging av publikumsmottaket ved bygdetunet og Uvdal stavkyrkje. Den tidlegare billettbusa vart flytt frå parkeringsplassen, skigarden omlagt og ein ny sti etablert til *Skolestua*, som no huser billettsal, butikk, kafe og sesongutstillingar. Me har fått attendemelding om at denne omorganiseringa har betra arbeidstilhøva for dei sesongtilsette, og fungerer veldig godt i høve til besøksdrifta.

b.) Avdelinga har hatt mykje arbeid i verdiskapingsprosjektet som Riksantikvaren har løyvd kr 300.000 til. I tillegg til å arbeide med verdiskapingsaspektet ved alle dei 28 attverande stavkyrkjene i landet, så har ein som mål m.a. å sjå om det er grunnlag for å skipe eit nasjonalt stavkyrkjeforum i løpet av prosjektperioden. Det var lagt opp til formell skiping i eigarsamlinga på Lom i oktober 2013, men det vart fleirtal for å utsetja den formelle skipinga til april 2014. Rapporten frå verdiskapingsprosjektet; *Dei norske stavkyrkjene: Stavkyrkjeeigarforum - på veg mot skiping av ein ny interesseorganisasjon* vart oversendt Fortidsminneforeningen sentralt og Riksantikvaren innan fristen den 31.12.2013.

c.) Fortidsminneforeningen fekk ei breiddegåve frå Sparebankstiftelsen DNB NOR over tre år på kr 3 mill, og hovudstyret har gjeve stønad til desse to prosjekta:

*1. Bygningsvern mobiliseringsprosjektet*

*2. Losjehuset på Lærdalsøyri*

Det har vore arbeidd med begge prosjekta i 2013. Mobiliseringsprosjektet har gjennomført tre besøk hjå sogelag, men me har vel enno ikkje funne balansen mellom ressursbruk og effekt. Det har vore kontakt med Ressursenteret for eldre landbruksbygningar for å få til eit kontaktmøte, men me lukkast ikkje med dette før styringsgruppa for senteret avgjorde at dei måtte konsentrere ressursane sine innanfor eige fylke.

Arbeidet med Losjehuset har vore tidkrevjande, men var veldig gjevande for alle som har delteke. Huset og tomte er rydda, dørene, taket og utvendige skader er reparert. Heile bygningen vart så skrappt og måla, og det vart gjennomført dugnadskurs i vindaugsrestaurering hausten 2013. Huset er måla opp og teikna digitalt av arkitekt Thomas F. Beck.

### **Representasjon utad:**

Stiftingar, utval og fellesinitiativer som avdelinga er representert i:

Stiftinga Jensbua i Fjaler

Bakkejekta

Stiftinga Gamle Innvik Ullvarefabrikk

Venner av Selja Kloster

### **Representasjon innad**

Representantskapsmøtet

Stad: Molde

Tal delegatar fra avdelinga: 3

Namn på delegatane: Ove Losnegård, Lasse Sælthun og Åshild Kjelstad Seljesæter  
Tal observatørar: 1 (Jon E Tamnes)

#### Leiar- og stabsmøtet

Deltakarar frå avdelinga:

Ove Losnegård

Jon E Tamnes

Marit Bøen

### **Utval i avdelinga**

#### **Antikvarisk utval**

Leiar: Trude K Knagenhjelm

medlemmer:

Berit Høivik

Grete Marøy Sellevoll

Erik Solheim

Thomas Frølund Bech

Hallvard Trohaug

Bjørn Magne Hansen

Edvard Faleide

Utvalet har fungert i to år, og ei evaluering vil finne stad i 2014.

### **Om dagleg drift av avdelinga:**

Tal tilsette: 5

Stillingsprosent dagleg leiar Jon E Tamnes, 80 %

Stillingsprosent øvrige tilsette:

Tilsynshavar Marit Bøen, Urnes stavkyrkje, 35 %

Tilsynshavar Kari W Sunde, Hopperstad stavkyrkje, 35 %

Tilsynshavar Erling Bjørnetun, Gaupne gamle kyrkje

Tilsynshavar Åshild Kjelstad Seljesæter, Hestad kapell

Arbeidsmiljøet er godt, og det er ikkje iverksett tiltak på dette området i 2013. Det har ikkje vore arbeidsulykker, og me har om lag ikkje sjukefråvær. Avdelinga si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Avdelinga har som mål å vere ein arbeidsplass der det er full likestilling mellom kvinner og menn. Me har ikkje retningslinjer som inneber forskjellsbehandling grunna kjønn.

Avdelinga si adresse: Sogn og Fjordane avdeling, Vestreim, 6854 Kaupanger

Telefonnummer: 57678840

E-postadresser: [sognogfjordane@fortidsminneforeningen.no](mailto:sognogfjordane@fortidsminneforeningen.no), [info@stavechurch.com](mailto:info@stavechurch.com)

Nettside-adresse: [www.fortidsminneforeningen.no](http://www.fortidsminneforeningen.no) [www.stavechurch.com](http://www.stavechurch.com)

Organisasjonsnummer: 971 363 231

Kontonummer: 3720.07.18217

Tal medlemmer per 31.12 2012: 233 medlemmer (tal medlemmer 31.12.2012 var 237).

## **Rekneskap og økonomi:**

Etter styret sin mening gjev det framlagde resultat, rekneskap og balanse med tilhøyrande noter full informasjon om avdelingsdrifta ved årsskiftet. Det har ikkje vore tilhøve etter utgangen av rekneskapsåret av betydning for avdelinga sitt rekneskap. Styret meiner at føresetnadene for framleis drift er tilstades, og årsregnskapen er sett opp med det som føresetnad.

Revisor: Deloitte AS, Sogndal

Regnskapsbyrå: Rekneskapsfører Laura Kvamme, Fjærland

Kort kommentarar om avdelinga sin økonomi:

Året 2013 har gjeve eit godt økonomisk resultat, avdelinga fekk eit samla driftsoverskot på kr 745 120.

Det er to faktorar bak det særskilt gode resultatet ved Urnes: Effekten av at omvisningsprisane vart løfta betydeleg frå 2012 til 2013, og at det vart stort besøk av cruisegjester frå Skjolden hamn, som gav eit samla besøk rett i underkant av 20.000. Me opplevde òg ein ekstraordinær besøksvekst ved Gaupne gamle kyrkje, grunna cruisekundar. Òg Kaupanger hadde ei auke i cruisebesøk. Dette har samla gjeve eit veldig godt økonomisk resultat for avdelinga i 2013, men me ikkje rekne med at det vil vare ved. Det har lenge vore kjent at talet på cruisegjester til Skjolden vil bli om lag halvert i 2014. Me må difor framleis vere bevisste på å halde kostnadene under kontroll.

Rekneskapen inkluderer òg besøksdrifta av dei tre stavkyrkjene i Buskerud i 2013. Der vil det bli ei sluttavrekning når den treårige prosjektperioden går ut 31.12.2014, som vil fordele overskot/underskot mellom avdelinga og Fortidsminneforeninga sentralt.

## **Økonomiske bidrag frå kommunar, fylket, antikvarisk myndigheit, fond eller stiftingar:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune, sesongforlengingstilskot Urnes 73.000

## **Andre løyvingar i 2013, til ikkje ferdigstilte prosjekt:**

RA, Tilskot til plan for besøksforvaltning og formidling ved Urnes stavkyrkje 150.000

Løyvingar frå breiddegåva frå DNB, framhald

Styret vil takke alle bidragsytarar for velvillig stønad!

## **Arrangement:**

Arrangementstittel	dato	stad	deltakarar	ansv
Mobilisering Aurland sogelag	18.04.13	Heradshuset	18	JeT
Mobilisering Vågsøy sogelag	22.05.13	Strandtun	25	S.N og O.L
Mobilisering Gaular sogelag	06.06.13	Sande kro	20	S.N, O.L, ÅKS
Dugnadskurs i vindaugsrest.	12.10.13	Losjehuset	7	O.L
Dugnadskurs i vindaugsrest.	13.10.13	Losjehuset	6	O.L

Utover dette vart det lagt ned mange dugnadstimar for Losjehuset, men dette vil framgå av sluttoppgjeret for dette prosjektet (huset gjekk tapt i storbrannen på Lærdalsøyri 18.01.2014).

## **Publisering og media**

### **Nettside og sosiale medier**

Avdelingen har aktiv nettside.

Adresse: [www.stavechurch.com](http://www.stavechurch.com)

Oppdateringsfrekvens: Oppdatering av informasjon om prisar og opningstider ved stavkyrkjer og andre kyrkjer

Avdelinga har eiga gruppe/side på Facebook.

Namn: Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane avdeling

Medlemmer pr 31.12.13: 153 stk

Brukes til: Informasjon om møter og arrangement, lenkar til mediaomtale av bygningsvernsaker primært i Sogn og Fjordane.

Avdelinga har oppretta eigen blogg:

Adresse: <http://grindabloggen.blogspot.no/>

### **Mediaverksemd:**

Det har vore mange oppslag i aviser, nettaviser og kringkasting i 2013.

Sakene har handla om:

- a.) Besøksenter ved Hopperstad stavkyrkje i Vik
- b.) Om forskning kring alder på Hopperstad stavkyrkje
- c.) Om nye lokallag, både i Ytre Sogn og Sunnfjord, og i Indre Sogn
- d.) Om utviding av verneområdet på Lærdalsøyri
- e.) Bygningsvernkurset i Jensbua
- f.) Tvist om vassgebyr i Vik kommune
- g.) Om skiping av felles, nasjonalt stavkyrkjeeigarforum

## **Vernepolitisk arbeid**

Avdelinga er medlem av Forum for natur- og friluft (FNF) i Sogn og Fjordane. Gjennom vår deltaking vil vi bidra til å styrke natur- og friluftsverdiane, samstundes som me vil få meir fokus på kulturminne- og bygningvernverdiane som del av FNF sitt arbeid.

Tal høringsuttale og andre brev i 2013: 4 stk (i tillegg til dei me har delteke i via FNF):

Liste over sakstitlar:

Utviding av verneområdet på Lærdalsøyri

Wittgensteinhytta i Skjolden

Kaupanger kyrkjegard

Villa Visnes i Stryn

## **Lokallag**

### **Ytre Sogn og Sunnfjord lokallag**

Skipingsdato: 01.12.2012

Virkeområde: Føremålet med arbeidet er å ta vare på verneverdige kulturminne og skape ei allmenn forståing for kulturvern i kommunane Flora, Gulen, Solund, Hyllestad, Høyanger, Askvoll, Fjaler, Gaular, Jølster, Førde og Naustdal.

Styreleiar: Åshild Kjelstad Seljesæter

Andre styremedlemmar:

Siren Skråmestø Juliussen

Trygve Heggheim

Tal medlemmer (pr. 31.12.2013): 70 medlemmer + 47 medlemmer frå Nordfjord (inntil det vert skipa eige Nordfjord lokallag)

Organisasjonsnummer: 999 281 486

Aktiviteter: Lokallaget vart skipa i samband med bygningsvernkurs i Sunnfjord på tampen av 2012. I 2013 har lokallaget m.a. arrangert medlemstur på kulturminne-øyhopping i Solund, i samarbeid med Norsk kystkulturakademi og delteke på mobiliseringsmøte med Gaular sogelag. Økonomisk resultat 2013: Kr 3,-

### **Indre Sogn lokallag**

Skipingsdato: 10.12.2012

Virkeområde: Føremålet med arbeidet er å ta vare på verneverdige kulturminne og skape ei allmenn forståing for kulturvern i kommunane Vik, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Sogndal, Leikanger og Balestrand.

Styreleiar: Lasse Sælthun

Andre styremedlemmar:

Malen Røysum

Eli Heiberg

Varamedlemmer: Beat Friedrich og Christen Knagenhjelm

Tal medlemmer (pr. 31.12.2013): 116 medlemmer

Organisasjonsnummer: 999 275 400

Aktiviteter: Lokallaget vart skipa i samband med ekstraordinært årsmøte i Sogn og Fjordane avdeling i 2012. I 2013 har lokallaget m.a. teke initiativ for å invitere representantskapsmøtet til Lærdal i 2015, delteke på dugnadsarbeidet på Losjehuset og hatt medlemsverving i samband med Lærdalsmarknaden.

Økonomisk resultat 2013: Kr 3,-

## Eigedomsforvaltning

Eiendom *Urnes stavkyrkje, 2013*

---

### Opningstider og billettprisar

Kor mange dagar var eigedomen open for publikum	<i>151 dagar</i>
Billettprisar	<i>Vaksne 80, grupper 70, familie 190, student/barn 60</i>

### Besøkstal

Kategori besøkande	Tal	Grunnlag for tala er billettsal og anna registrering
Einskildbesøkande, vaksne	<i>7 825</i>	
Honnør	<i>1 714</i>	
Besøkande i grupper	<i>6 039</i>	
Familie, tal personar	<i>2 998</i>	
Studentar	<i>522</i>	
Skuleborn, skulesekken	<i>86</i>	
Medlemsbesøk	<i>225</i>	
Ymse	<i>208</i>	
Deltakere ved opne arr	<i>324</i>	Deltakarar ved kyrkjelege handlingar og konsertar
<b>Samla besøkstal:</b>	<b>19 941</b>	
Takk til våre sommartilsette ved Urnes stavkyrkje, som har vore Mario Boghetto, Synnøve Grepperud, Irene van Laar og Ida Dybdahl Nielsen.		

### Opningstider og billettprisar

Kor mange dagar var egedomen open for publikum	<i>124 dagar</i>
Billettprisar	<i>Vaksne 60, grupper 50, familie 150, student/barn 50</i>

### Besøktal

Kategori besøkande	Tal	Grunnlag for tala er billettsal og anna registrering
Einskildbesøkande, vaksne	<i>3 777</i>	
Honnør	<i>2 031</i>	
Besøkande i grupper	<i>3 799</i>	
Familie, tal personar	<i>1 321</i>	
Studentar	<i>190</i>	
Skuleborn, skulesekken	<i>0</i>	
Medlemsbesøk	<i>257</i>	
Ymse	<i>0</i>	
Deltakere ved opne arr	<i>0</i>	
<b>Samla besøktal:</b>	<b>11 366</b>	

Takk til våre sommartilsette ved Hopperstad stavkyrkje, som har vore Inge Bjørnevoll, Atle Loopstra, Eirinn Teigen Kvåle, Stig Liljedal Sætre, Elise Øygarden, Johan Tryti og Kenneth Helland.



### Opningstider og billettprisar

Kor mange dagar var egedomen open for publikum	<i>76 dagar</i>
Billettprisar	<i>Vaksne 60, grupper 50, familie 150, student/barn 50</i>

### Besøktal

Kategori besøkande	Tal	Grunnlag for tala er billettsal og anna registrering
Einskildbesøkande, vaksne	<i>1423</i>	
Honnør	<i>267</i>	
Besøkande i grupper	<i>1950</i>	
Familie, tal personar	<i>516</i>	
Studentar	<i>0</i>	
Skuleborn, skulesekken	<i>0</i>	
Medlemsbesøk	<i>9</i>	
Ymse	<i>35</i>	
<b>Samla besøktal:</b>	<b>4 200</b>	

Takk til Knaken kafe og kulturformidling, og deira tilsette, for godt samarbeid i andre sesongen med kafeen som besøkssenter for stavkyrkja!

### Opningstider og billettprisar

Kor mange dagar var egedomen open for publikum	<i>51 dagar</i>
Billettprisar	<i>Vaksne 50, grupper 40, familie 150, student/barn 40</i>

### Besøkstal

Kategori besøkande	Tal	Grunnlag for tala er billettsal og anna registrering
Einskildbesøkande, vaksne	<i>370</i>	
Honnør	<i>303</i>	
Besøkande i grupper	<i>169</i>	
Familie, tal personar	<i>0</i>	
Studentar	<i>55</i>	
Skuleborn, skulesekken	<i>0</i>	
Medlemsbesøk	<i>177</i>	
Ymse	<i>0</i>	
Deltakere ved opne arr	<i>0</i>	<i>(Kyrkja i Vik har olsok-konsert, men vi har ikkje besøkstal)</i>
<b>Samla besøkstal:</b>	<b>1 074</b>	

Takk til våre sommartilsette ved Hove steinkyrkje, som har vore Anders Vassli Brekke og Lise Marie Midlang.

### Opningstider og billettprisar

Kor mange dagar var egedomen open for publikum	<i>26 dagar</i>
Billettprisar	<i>Vaksne 50, grupper 40, familie 150, student/barn 40</i>

### Besøktal

Kategori besøkande	Tal	Grunnlag for tala er billettsal og anna registrering
Einskildbesøkande, vaksne	<i>48</i>	
Honnør	<i>14</i>	
Besøkande i grupper	<i>4 658</i>	<i>(Cruisepassasjerer frå Skjolden hamn)</i>
Familie, tal personar	<i>24</i>	
Studentar	<i>0</i>	
Skuleborn, skulesekken	<i>0</i>	
Medlemsbesøk	<i>1</i>	
Ymse	<i>0</i>	
Deltakere ved opne arr	<i>0</i>	<i>(Kyrkja i Luster har olsok-konsert, men vi har ikkje besøktal)</i>
<b>Samla besøktal:</b>	<b>4 745</b>	

Takk til våre sommartilsette ved Gaupne gamle kyrkje, som har vore Einar Urdhals og Borghild Prestegård.

Det er ikkje søkt lønstilskot frå Luster kommune for 2013.

### Opningstider og billettprisar

Kor mange dagar var egedomen open for publikum	<i>90 dagar</i>
Billettprisar	<i>Vaksne 60, grupper 50, familie 150</i>

### Besøkstal

<b>Kategori besøkande</b>	<b>Tal</b>	<b>Grunnlag for tala er billettsal og anna registrering</b>
Einskildbesøkande, vaksne	<i>2 031</i>	
Honnør	<i>583</i>	
Besøkande i grupper	<i>448</i>	
Familie, tal personar	<i>420</i>	
Studentar	<i>54</i>	
Skuleborn, skulesekken	<i>0</i>	
Medlemsbesøk	<i>0</i>	
Ymse	<i>6</i>	
Deltakere ved opne arr	<i>110</i>	Konsertar under Mellomalderveka
<b>Samla besøkstal:</b>	<b>3 652</b>	

Takk til våre sommartilsette ved Uvdal stavkyrkje, som har vore Nils Olav Fønnebø, Vegard Vedhus, Anne Karin Omli, Kristine Huseby, Sigrid Skjønne Utvei og May-Helen Flatstrand. Takk til tilsynshavar Ottar Huseby og Nore og Uvdal bygdetun ved Britt Guton Halland for godt samarbeid.

### Opningstider og billettprisar

Kor mange dagar var eigedomen open for publikum	<i>0 dagar</i>
Billettprisar	<i>Vaksne 50, grupper 40, familie 150</i>

### Besøkstal

Kategori besøkande	Tal	Grunnlag for tala er billettsal og anna registrering
Einskildbesøkande, vaksne	<i>531</i>	
Honnør	<i>69</i>	
Besøkande i grupper	<i>86</i>	
Familie, tal personar	<i>36</i>	
Studentar	<i>20</i>	
Skuleborn, skulesekken	<i>0</i>	
Medlemsbesøk	<i>0</i>	
Ymse	<i>0</i>	
Deltakere ved opne arr	<i>121</i>	Konsertar under Mellomalderveka
<b>Samla besøkstal:</b>	<b>863</b>	

Takk til våre sommartilsette ved Nore stavkyrkje, som har vore Sigrid Skjønne Utvei, May-Helen Flatstrand og Anders Hualand. Takk til tilsynshavar Sverre Heimdal for godt samarbeid.

Eiendom *Torpo stavkyrkje, 2013*

---

### Opningstider og billettprisar

Kor mange dagar var egedomen open for publikum	<i>92 dagar</i>
Billettprisar	<i>Vaksne 50, grupper 40, familie 150</i>

### Besøktal

Kategori besøkande	Tal	Grunnlag for tala er billettsal og anna registrering
Einskildbesøkande, vaksne	<i>1 899</i>	
Honnør	<i>0</i>	
Besøkande i grupper	<i>2 928</i>	
Familie, tal personar	<i>0</i>	
Studentar	<i>0</i>	
Skuleborn, skulesekken	<i>0</i>	
Medlemsbesøk	<i>0</i>	
Ymse	<i>0</i>	
Deltakere ved opne arr	<i>0</i>	
<b>Samla besøktal:</b>	<b>4 827</b>	

Takk til våre sommartilsette ved Torpo stavkyrkje, som har vore Ingebjørg Tragethon, Hilde Iren Sato, Sofie Øvreengen Moen, Camilla L. Økland Skredderberget, Nils Sveingard, Ambjørg Hovda Haugen, Trine B Kolsrud og Eirin Breie. Takk til tilsynshavar Tea Grønstad Sato for godt samarbeid.

Skei, 22.04.2014

Ove Losnegård (sign)  
Styreleiar

Torkjell Djupedal (sign)  
nestleiar

Trude K Knagenhjelm (sign)

Stig A. Nordrumshaugen (sign)

Ottar Wiik (sign)

Jon E Tamnes (sign)  
Dagleg leiar